



Vestlandshus Mjelde AS
Mjeldalen
5286 HAUS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1080 - 14/12235

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
18.08.2014

Godkjenning - utslepp frå ny fritidsbustad på Eikeland, gbnr 42/32.

Administrativt vedtak. Saknr: 232/2014

Tiltakshavar: Henrik Sunde

Søknadstype: Tiltak etter «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5

Ansvarleg søker: Vestlandshus Mjelde AS

Saksutgreiing:

Det er søkt om utsleppsløyve frå ein fritidsbustad på Eikeland, gbnr 42/32, i samband med søknad om riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny fritidsbustad. Eigedomen ligg i eit område som i kommuneplanen er avsett til fritidsbustader. Det er i møte 03.06.2014 sak UDU.55/2014 gjeve dispensasjon frå forbod i 100-meterbeltet og frå føresegn om plankrav for området i kommuneplanen sin arealdel for tiltaket.

I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast med slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført i lukka leidning ut i sjø (Herdlefjorden).

Alle naboar vart varsla i samband med dispensasjonssøknaden og byggesaka. Administrasjonen har vurdert at det ikkje er naudsynt med ytterlegare nabovarsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkelig etter pbl § 21-3.

Vurdering:

Utsleppsløyvinga det er søkt om, er i samsvar med gjeldande krav i området. Meland kommune kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt på vanlege vilkår for slike utslepp, og i medhald av "Forskrift om begrensing av forurensing" sin § 12-5.

Plassering av leidning i sjø skal godkjennast etter hamnelova før arbeidet vert sett i gong. Det må difor søkjast Bergen og Omland Havnevesen om godkjenning for dette.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av "Forskrift om begrensing av forurensing" sin § 12-5 utsløppsløyve for ein fritidsbustad, 5 pe, på gbnr 42/32 på Eikeland i samsvar med søknad stempla motteke 29.11.2013 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via slamavskiljar av godkjend type.
2. Frå slamavskiljar skal avlaupsvatn førast i tett leidning til sjø, og minimum 10 meter under middel vasstand.
3. Slamavskiljar skal plasserast slik at den kan tømmast frå slamsugebil i samsvar med vedtekter for slamtømming.
4. Eigedomen skal betale slamgebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
5. Arbeidet må ikkje setjast i gong før det ligg føre godkjenning frå Bergen og Omland Havnevesen.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det vert gjeve ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad som er vedlagt byggjesaka.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Henrik Sunde
Hjelmås VVS

Mottakere:

Vestlandshus Mjelde AS

Mjeldalen

5286

HAUS